



Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Gry Walle, 5557 2332

Fråsegn til mellombels løyve til senking av Store Trastadalsvatnet i Sogndal kommune

Vi har ingen merknad til søknad om mellombels løyve til senking av Store Trastadalsvatnet.

Vi viser til oversending av 18. januar 2021.

Sognekraft AS søker om løyve til å senke Store Trastadalsvatnet ned til LRV. Dette er i strid med manøvreringsreglementet, der vasstand mellom HRV -2 og LRV berre skal nyttast som reservevasskjelde for vassforsyning. Nedtappinga vil vare inntil 9 mnd. i 2021 og ev. ytterlegare 4 mnd. i 2022.

Det er naudsynt å gjennomføre rehabilitering av damanlegga ved magasinet for å oppfylle gjeldande krav til damtryggleik.

Vår vurdering er at dette er eit tiltak med stor samfunnsverdi, og det må akseptrast noko mellombels ulempe for allmenne interesser. Vi reknar ikkje med at fiskestamma eller anna naturmiljø knytt til vatnet vil bli nemneverdig påverka av avviket frå reglementet.

Med helsing

Kjell Hegna
seniorrådgjevar

Gry Walle
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Sogndal kommune Postboks 153 6851 SOGNDAL

